



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Kommunehuset Smia, Grodås
Dato: 16.11.2017
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 25/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 26/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 27/17	Eventuell grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar
PS 28/17	Reglement for møtegodtgjersle for Nye Volda kommune
PS 29/17	Strategiske satsingar nye Volda - endeleg handsaming
PS 30/17	Orienteringssaker
OS 19/17	Orientering frå Heraldikknemnda
OS 20/17	Orientering frå prosjektleiar
OS 21/17	Landbruksforvaltning i kommunane
OS 22/17	Infoskriv nr. 3/2017 - Nye kommunar i Møre og Romsdal

PS 25/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 26/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2017/2140
		Arkivkode:	001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	16.11.2017

EVENTUELL GRENSEJUSTERING MELLOM HORNINDAL OG STRYN KOMMUNAR

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda for Nye Volda sluttar seg til høyringsuttalen som Hornindal kommunestyre vedtok i sak KS066/17

Vedleggsliste:

1. Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnk (17897)
2. Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnk(17900)
3. Høyring Eventuell grensejustering(19446)
4. Informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar – korri (17898)
5. Kommunegrense-1(18728)
6. Kommunegrense-1-2(18729)
7. Kommunegrense-1-2-3(18730)
8. Kommunegrense-samla-flyfota(18731)
9. Kommunegrense-samla-gråtone(18732)
10. Sak om grensejustering(19298)
11. Skriv frå interessegruppa for Kjøs og Markane(19359)
12. Til Hornindal kommune(19130)

13. Tilbakemelding informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal kommune og(17899)

14. Tilrådd kommunegrense frå kommunestyret(19583)

SAMANDRAG:

Hornindal og Stryn kommunar er av fylkesmannen i Sogn og Fjordane invitert til å gje høyringsuttale til eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn – Kjøs grunnkrins (Markane).

Etter inndelingslova § 9, er det Stryn og Hornindal kommune som skal gje uttale i saka, men etter samtale med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er det avklart at også Fellesnemnda for Nye Volda kan kome med ein uttale i saka.

Frist for å sende inn høyringsinnspel er sett til 22.11.2017

Hornindal kommune har handsama saka i råd og utval, og det føreligg slikt samrøystes vedtak frå kommunestyret:

«Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen».

VURDERING OG KONKLUSJON:

Ein syner til den saksutgreiing som Hornindal kommune har gjort i saka, og vil rå Fellesnemnda til å slutte seg til den høyringsuttalen og konklusjon som Hornindal kommunestyre samrøystes har vedteke. Høyringsuttale og saksutgreiing frå Hornindal kommune følgjer vedlagt.

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune
Stryn kommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Mottakarar etter adresseliste

Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins (Markane) - frist 22.11.2017

Fylkesmannen mottok 31. august 2016 eit innbyggjarinitiativ frå Per Ove Kjøs og Andreas Solvik om justering av kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal. Det ligg føre to alternativ til ny grense i søknaden, men begge forslaga vil medføre at ein del av Hornindal kommune blir flytta til Stryn kommune, jf. tidlegare tilsende søknad.

Innbyggjarinitiativet vart 12.06.2017 omtala i Fylkesmannen sitt brev om vidare arbeid med grenseendringar. Her tilrådde Fylkesmannen at det vart satt i gong utgreiing av grensejustering.

Stortinget vedtok 08.06.2017 å slå saman Hornindal og Volda til ein ny kommune. Den nye kommunen skal ligge i Møre og Romsdal fylke. Det betyr at grensa mellom Stryn og den nye kommunen blir ny fylkesgrense. Det er denne grensa søknaden om grensejustering gjeld.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ga i brev motteke 04.07.2017 Fylkesmannen i oppdrag å greie konsekvensane av ei grensejustering så raskt som råd.

Fylkesmannen hadde 12.7.2017 eit informasjonsmøte med dei involverte kommunane om saka. Der vart det opplyst om aktuelle tema for innhenting av informasjon, og at det var planlagt ei innbyggjarundersøking i området. Førebels tidsplan for utgreiingsoppdraget vart også lagt fram. Kommunane vart også oppmoda om å sende inn fakta og informasjon dei meinte var relevant og nødvendig i saka, uavhengig av om det sto på lista over aktuelle tema.

20.07.2017 fekk Hornindal kommune i oppdrag å greie ut frakta knytt til brukarar, kultur, økonomi, kommunale tenester, fylkeskommunale tenester, statlege tilbod, naturressursar, pendling, planar, kommunikasjon og interkommunalt samarbeid i området. Slik utgreiing vart motteke 18.09.2017, og ligg vedlagt. Stryn vart i same brev oppmoda til å komme med innspel på område dei vurderte det var naturleg å uttale seg. Slik uttale mottok vi 18.09.2017, jf. vedlegg.

Det vart bestemt 24.08.2017 at Opinion fekk i oppdrag å gjennomføre innbyggjarundersøkinga. Denne vart levert 15.09.2017, og viste at det er delte meiningar om kommunetilhøyrsløse for Markane mellom dei som bur i området.

Fleirtalet i undersøkinga meiner at Kjøs grunnkrins bør tilhøyre den samanslegne kommunen mellom Hornindal og Volda. Undersøkinga gjev likevel ikkje klart svar på kva kommune innbyggjarane i Kjøs grunnkrins meiner dei bør tilhøyre. Sjølv om 52 % svarar Hornindal mot 45 % som svarar Stryn, er denne forskjellen innanfor feilmarginane. Det er med andre ord ikkje noko signifikant forskjell mellom kva kommune innbyggjarane føretrekker å høyre til. Det er likevel større skilje mellom

bygdene. Heile 92 % av dei som har svart i området Aasen, Maurset, Øyane og Øyebakken, meiner at Kjøs grunnkrins bør høyre til Stryn kommune. I dei andre områda i krinsen er det 62 % som meiner nye Volda kommune.

Rapporten i sin heilskap ligg på Fylkesmannen si heimeside

Kommunane og fylkeskommunen sine innspel til eventuell grensejustering

Kommunane og fylkeskommunen skal få høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak, jf. inndelingslova § 9, jf. rundskriv H-10/15 (oppdatert mars 2017).

Vi ber spesielt om at kommunane uttaler seg om kvar av dei to alternative grenseløysingane. Dersom kommunen meiner at andre grenseløysingar er føremålstenlege ber vi om at desse blir grunnjevne - og illustrerte gjennom koordinatar og kartfesting.

Brevet går i kopi til kartverket, og vi ber kartverket spesielt vurdere om grensene som går fram av innbyggjarinitiativet teknisk sett er gode.

Frist for å sende inn høyringsinnspel er **22.11.2017**.

Vidare prosess

Innbyggjarundersøkinga, faktautgreiingane og høyringsinnspela vil danne grunnlaget for Fylkesmannen si oppsummering og tilråding til KMD. Vi tek sikte på sende tilrådinga innan 22.12.2017.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Anne Kristin Eitungjerde
juridisk sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Adresseliste

Hornindal kommune

Stryn kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedlegg:

Utgreiing frå Hornindal kommune

Utgreiing frå Stryn kommune

Kopi med vedlegg til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kartverket Trondheim, postboks 600 Sentrum, 3507 HØNEFOSS

Fra: FMSF Postmottak <fmsfpost@fylkesmannen.no>
Sendt: 21. september 2017 09:13
Til: Postmottak Hornindal kommune; post@mrfylke.no; Postmottak Stryn kommune; SF Fylkeskommune
Kopi: trondheim@kartverket.no; Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Træen, Kåre
Emne: Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins - frist 22.11.2017
Vedlegg: Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins (Markane) - frist 22.11.2017.PDF; Informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar - korrigert rapport med endra tekst om kyrkja.PDF; Tilbakemelding informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal kommune og Stryn kommune.PDF

Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins (Markane) - frist 22.11.2017: Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins (Markane) - frist 22.11.2017.PDF

Informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar - korrigert rapport med endra tekst om kyrkja: Informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar - korrigert rapport med endra tekst om kyrkja.PDF

Tilbakemelding informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal kommune og Stryn kommune: Tilbakemelding informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal kommune og Stryn kommune.PDF



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/17	Eldrerådet	24.10.2017
012/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.10.2017
034/17	Utval for Oppvekst og Helse	24.10.2017
047/17	Utval for utvikling	25.10.2017
037/17	Formannskapet	30.10.2017
066/17	Kommunestyret	02.11.2017

Høyring Eventuell grensejustering

Vedlegg i saka:

25.09.2017	Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins - frist 22.11	1334964
25.09.2017	Høyring - eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn - Kjøs grunnkrins (Markane) - frist 22.11.2017	1334965
25.09.2017	Informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar - korrigerert rapport med endra tekst om kyrkja	1334966
25.09.2017	Tilbakemelding informasjon - utgreiing av grensejustering mellom Hornindal kommune og Stryn kommune	1334967
16.10.2017	Kommunegrense-1	1335431
16.10.2017	Kommunegrense-1-2	1335432
16.10.2017	Kommunegrense-1-2-3	1335433
16.10.2017	Kommunegrense-samla-flyfota	1335434
16.10.2017	Kommunegrense-samla-gråtone	1335435
26.10.2017	Til Hornindal kommune	1335662
31.10.2017	Sak om grensejustering	1335754
02.11.2017	Skriv frå interessegruppa for Kjøs og Markane	1335796

Sakstilfang/Lover/Plandokument

«skriv her»

Bakgrunn for saka

Hornindal kommune er av fylkesmannen i Sogn og Fjordane invitert til å gje høyringsuttale til eventuell grensejustering mellom kommunane Hornindal og Stryn – Kjøs grunnkrins (Markane).

Frist for å sende inn høyringsinnspel er **22.11.2017**.

Saksopplysningar

Fylkesmannen mottok 31. august 2016 eit innbyggjarinitiativ frå Per Ove Kjøs og Andreas Solvik om justering av kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal. Det ligg føre to alternativ til ny grense i søknaden, men begge forslaga vil medføre at ein del av Hornindal kommune blir flytta til Stryn kommune, jf. tidlegare tilsende søknad.

Stortinget vedtok 08.06.2017 å slå saman Hornindal og Volda til ein ny kommune. Den nye kommunen skal ligge i Møre og Romsdal fylke. Det betyr at grensa mellom Stryn og den nye kommunen blir ny fylkesgrense. Det er denne grensa søknaden om grensejustering gjeld. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ga i brev motteke 04.07.2017 Fylkesmannen i oppdrag å greie konsekvensane av ei grensejustering så raskt som råd.

Fylkesmannen hadde 12.7.2017 eit informasjonsmøte med dei involverte kommunane om saka. Der vart det opplyst om aktuelle tema for innhenting av informasjon, og at det var planlagt ei innbyggjarundersøking i området. Førebels tidsplan for utgreiingsoppdraget vart også lagt fram. Kommunane vart også oppmoda om å sende inn fakta og informasjon dei meinte var relevant og nødvendig i saka, uavhengig av om det sto på lista over aktuelle tema.

20.07.2017 fekk Hornindal kommune i oppdrag å greie ut fakta knytt til brukarar, kultur, økonomi, kommunale tenester, fylkeskommunale tenester, statlege tilbod, naturressursar, pendling, planar, kommunikasjon og interkommunalt samarbeid i området.

Fylkesmannen engasjerte Opinion for å gjennomføre innbyggjarundersøkinga. Denne vart levert 15.09.2017, og viste at det er delte meiningar om kommunetilhøyrsløse for Markane mellom dei som bur i området.

Kommunane og fylkeskommunen skal få høve til å uttale seg før det blir fatta vedtak, jf. inndelingslova § 9, jf. rundskriv H-10/15. Fylkesmannen ber spesielt om at kommunane uttaler seg om kvar av dei to alternative grenseløysingane. Dersom kommunen meiner at andre grenseløysingar er føremålstenlege ber vi om at desse blir grunngjevne - og illustrerte gjennom koordinatar og kartfesting.

Innbyggjarundersøkinga, faktautgreiingane og høyringsinnspela vil danne grunnlaget for Fylkesmannen si oppsummering og tilråding til KMD. Vi tek sikte på sende tilrådinga innan 22.12.2017.

Høyringsuttale frå Hornindal kommune:

Oppsummering/konklusjon:

Som utgangspunkt er det ikkje ynskjeleg for ei kommune å oppleve nedgang i folketal, anten det skuldast den generelle samfunnsutviklinga eller ved ei grensejustering. Ein har likevel både forståing og respekt for at ei slik sak kjem opp som del av arbeidet med kommunereforma. Slike initiativ handlar om engasjement, kultur, identitet og endra infrastruktur og samferdsle. I innbyggjarinitiativet om grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommune – Kjøs grunnkrins, ligg det føre to alternativ. Alternativ 1. gjeld heile grunnkrinsen, alternativ 2. er eit mindre alternativ knytt til området kring Maurset. **I tråd med tidlegare vedtak i kommunestyret vil rådmann rå til at Hornindal kommunestyre går inn for grensejustering etter eit justert alternativ 2.** Ein vil i det vidare gjere greie for denne

konklusjonen.

Situasjonen etter 01.01.2020

Ein kan per i dag ikkje seie så mykje om korleis situasjonen for Hornindal kommune vil vere etter 01.01.2020. Det ein veit er at ein frå denne dato er Hornindal og Volda kommunar slegne saman til ei ny Volda kommune. Då vil ein få endringar både i folketal og i økonomiske overføringar. Ein veit også at Fellesnemnda legg intensjonsavtalen mellom dei to kommunane til grunn for bygginga av den nye kommunen. Denne avtalen slår fast at det kommunale tenestetilbodet i svært stor grad skal vere som det er i Hornindal, det gjeld barnehage, skule, helse og velferdstenester med meir. I ei vurdering knytt opp mot ei eventuell grensejustering må ein difor legge til grunn dagens tenestetilbod og drøfte saka i lys av dette.

Tidlegare handsaming i kommunen

Etter at innbyggjarinitiativet vart teke sommaren 2016, kom saka til behandling i Hornindal kommunestyre fyste gong 8. september 2016. Då vart det fatta følgjande vedtak:

KS- 054/16 Vedtak:

1. Hornindal kommunestyre er positive til at det vert sett i gang ei utgreiing knytt til justering av noverande kommunegrense i Hornindal. Dette med bakgrunn i søknad om grensejustering mellom Stryn og Hornindal kommunar.

2. Kommunestyret ynskjer primært at det vert utgreidd sak om å flytte grensa vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.

Dette vedtaket var i tråd med alternativ 2.

Innbyggjarhøyringa

Det er som kjent Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som tok initiativ til gjennomføring av innbyggjarhøyring i grunnkrinsen. Hornindal kommune bistod i det praktiske arbeidet kring utarbeiding av telefonlister og andre praktiske ting, men kommunen var ikkje med i arbeidet kring spørsmålstillingar og liknande.

Fleirtalet i undersøkinga meiner at Kjøs grunnkrins bør tilhøyre den samanslegne kommunen mellom Hornindal og Volda. Undersøkinga gjev likevel ikkje klart svar på kva kommune innbyggjarane i Kjøs grunnkrins meiner dei bør tilhøyre. Sjølv om 52 % svarar Hornindal mot 45 % som svarar Stryn, er denne forskjellen innanfor feilmarginane. Det er med andre ord ikkje noko signifikant forskjell mellom kva kommune innbyggjarane føretrekker å høyre til. Det er likevel større skilje mellom bygdene. Heile 92 % av dei som har svart i området Aasen, Maurset, Øyane og Øyebakken, meiner at Kjøs grunnkrins bør høyre til Stryn kommune. I dei andre områda i krinsen er det 62 % som meiner nye Volda kommune.

Faktagrunnlaget høyringa byggjer på

Fylkesmannen gav Hornindal kommune i oppdrag å utarbeide eit faktagrunnlag knytt til søknaden om grensejustering. Hornindal kommune sende dette til Fylkesmannen i byrjinga av september, og dette følgjer som vedlegg til saka. Faktagrunnlaget gjev ei framstilling av dei faktiske tilhøva i grunnkrinsen.

Innbyggjartal

I heile Kjøs grunnkrins er det registrert 89 innbyggjarar (per 01.09.17). Det totale innbyggjartalet i Hornindal på same tidspunkt er 1197. Det betyr at dersom heile Kjøs grunnkrins går til Stryn kommune vil dette få dramatiske konsekvensar for folketalsutviklinga i kommunen. Innbyggjartalet i Alternativ 2 har kommunen registrert at det per 01.09.17 er 19 innbyggjarar.

Innbyggjarar fordelt etter alder		
	Kjøs (alt.1)	Maurset (alt.2)
0-1 år	2	0
2-5 år	2	0
6-15 år	7	0
16-22 år	11	2
23-66 år	51	13
67 -79 år	10	2
80-89 år	4	1
90 år og over	2	1
Sum	89	19

Kommunale tenester

Som tabellen over syner, er hovudtyngda av innbyggjarane i grunnkrinsen i alderen mellom 23 -66 år. Det vil seie i den aldersgruppa som mottek minst teneste frå kommunen. Ein har per i dag 4 born i barnehagealder og 7 elevar i grunnskulen. Både i barnehage og skule har ein i Hornindal god kapasitet, og ein ynskjer sjølvstøtt å behalde alle dei barn som i dag soknar til kommunen. Ved ei grensejustering etter alternativ 1, med den nedgang i talet born det vil føre med seg, vil ein likevel måtte oppretthalde dei avdelingar og klasser som ein per i dag har i barnehage og skule, men ein vil oppleve ein inntektssvikt som følgje av reduserte overføringar. Dette vil kunne gje ein krevjande økonomisk situasjon for einingane. Det er per i dag ikkje barn i alderen 0-15 år innanfor området som vert definert som alternativ 2.

Hornindal kommune har per i dag ei svært god helseteneste. Vi har per i dag to fastlegar i kommunen, og det seier seg sjølv at det kan få konsekvensar dersom vi tenkjer oss at dei 68 innbyggjarane i grunnkrinsen som per i dag har fastlege i Hornindal byter til fastlege i Stryn. I alternativ 2 er det per i dag om lag 10 personar som har fastlege i Hornindal. For Hornindal kommune sitt vedkomande har det vore viktig å ha to fastlegar i bygda, noko som har sikra

eit godt fagleg miljø og god kontinuitet i helsetenestene. Innbyggjarane i Kjøs nyttar i dag legevakta på Eid, noko dei også vil gjere ved ei grensejustering mot Stryn kommune. Ved ei grensejustering til Stryn kommune, vil dei innbyggjarane dette gjeld ikkje følgje resten av Hornindal kommune inn i Helse Midt, noko som vil skje som ein konsekvens av kommunesamanslåinga i 2020.

I grunnkrins Kjøs, alternativ 1, yter ein også noko heimebasert pleie- og omsorgstenester, men ikkje av stort omfang. Hornindal kommune har til liks med andre kommunar, stort press på tenestene knytt til institusjon.

Når det gjeld tekniske tenester knytt til vatten og avløp, så er det noko som per i dag ikkje er utbygd som kommunale tenester i grunnkrinsen, og ei grensejustering vil i så måte ikkje ha store konsekvensar for den kommunale drifta. Hornindal kommune har per i dag om lag 6,2 km kommunal veg i grunnkrinsen. På Maurset er det om lag 2,2 km kommunal veg. .

Oppsummert må ein seie at sjølv om innbyggjartalet vil verte redusert med 19 eller 89 innbyggjarar, så vil ein i all hovudsak måtte oppretthalde tenestetilbodet i kommunen på om lag same nivå som i dag, men ein vil få nedgang i dei økonomiske rāmene, noko som vil utfordre dei kommunale budsjetta i svært stor grad. Det vil såleis vere svært uheldig for Hornindal kommune sitt tenestetilbod om det vert vedteke ei grensejustering etter alternativ 1. Ein kan sjølv sagt sjå føre seg avtale med Stryn kommune om kjøp av tenester i Hornindal om dette skulle vere ynskjeleg knytt til både barnehage, skule og helsetenester, men ein kan vanskeleg sjå føre seg det same for pleie- og omsorgstenestene.

Økonomi

Ein har forsøkt gjere berekningar knytt til inntektstap ved dei ulike alternativa for grensejustering. Ein syner her til tabell i utgreiinga frå kommunen (side 6).

I dette har ein lagt til grunn følgjande føresetnadar:

Det er ikkje teke høgde for andre kriterier i inntektsystemet som: sone, nabo, landbrukskriteriet, dødleghet, lavinntekt, uføre, skilde, åleinebuande, skilde, ikkje gifte, barn uten kontantstøtte og innbyggjarar med høgare utdanning med meir.

Det er i områda relativt få innbyggjarar i aldersgruppa som etterspør kommunale tenester som skule og barnehage. Dette gjer utslag på utgiftsutjamninga. Vidare at det er relativt fleire igjen som krev kommunale tenester, som ein får kompensert for gjennom utjamninga. Det er ein førestnad at gjennomsnitt for resten av befolkninga er nytta. Andre berekningar som kan gjere utslag i inntektssystemet er t.d. faktorar som dreg distriktsindeksen opp, noko som kan gjere utslag i småkommunetilskotet. Konklusjonen er at det er vanskeleg å ta høgde for alle verdiar og berekningar som kan gje utslag på inntektssystemet.

Rammetilskot og skatteinntekter Hornindal kommune:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	57.482.000
Skatteinntekter	24.082.000
SUM	81.564.000

Under desse føresetnadane ser ein at det vil få relativt store økonomiske konsekvensar for Hornindal kommune om det vert vedteke ei grensejustering etter alternativ 1:

Inntektstap ved at Kjøs grunnkrins vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	-2 064 000
Skatteinntekter	-1 799 000
SUM	-3 863 000

Dei økonomiske konsekvensane ved alternativ 2, ser slik ut:

Inntektstap ved at Maurset vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntektsutjamning og utgiftsutjamning	-360 000
Skatteinntekter	-384 000
SUM	-744 000

Som det er gjort greie for ovanfor, under kommunale tenester, så vil ein ved ei grensejustering ikkje automatisk kunne redusere dei kommunale tenestene, men med ein nedgang i inntektene til kommunen på mellom 700.000 og 3,8 million, så vil tenestetilbodet i Hornindal bli sett under press.

Syssetting

Dei fleste i yrkesaktiv alder i grunnkrinsen pendlar i dag til Stryn, Eid og arbeidsstadar i Hornindal. Det er også fleire sjølvstendig næringsdrivande i grunnkrinsen. Det er ikkje større arbeidsplassar i krinsen. Konsekvensen av ei grensejustering knyter seg i så måte i all hovudsak til bortfall av skatteinntekter for Hornindal kommune. Sjå ovanfor.

Areal

Hornindal kommune har i dag eit totalt areal (da) på 191.610. Av dette ligg om lag 14.500 da i Kjøs grunnkrins og av dette utgjør alternativ 2 om lag 4.700 da.

Vidaregåande skule

Dei fleste i grunnkrinsen som er under vidaregåande opplæring nyttar skuletilbod i Sogn og Fjordane, og ei grensejustering mot Stryn vil såleis ikkje ha konsekvensar for desse.

Samferdsle

Dersom ein ser føre seg at Kjøs grunnkrins går til Stryn kommune, vil dette få konsekvensar for busstilbodet. Dette som ein følgje av at skuleskyssen ikkje lenger vil gå til og frå Hornindal frå området i Kjøs. Rutetilbodet elles vil truleg verte uendra.

Regionale/statlege tilbod

Sidan både Hornindal og Stryn kommunar per i dag ligg i same region og fylke, vil ei grensejustering ikkje ha konsekvens for innbyggjarane knytt til statlege og regionale tenester. Her vil ein for Hornindal kommune sitt vedkomande oppleve at det vert ei endring etter 2020, men dette har ein per i dag ikkje nok kunnskap om til å kunne kome med kvalifiserte uttalar.

Kyrkja

Kjøs grunnkrins soknar i dag til Hornindal prestegjeld, Nordfjord prosti, Bjørgvin bispedøme. Hornindal har eiga kyrkje og eigen kyrkjegard. Hornindal er eige fellesrådsområde, men har eit utstrakt samarbeid med Stryn knytt til kyrkjelege ressursar.

Ved ei grensejustering vil innbyggjarane framleis kunne sokne til Hornindal prestegjeld, då både Randabygda og Nordsida per i dag soknar til Hornindal prestegjeld. Alternativet er at dei soknar til Stryn prestegjeld men framleis høyre til same prosti og bispedøme. Korleis den kyrkjelege strukturen vil sjå ut etter 2020 er ikkje fastlagt. Ein legg til grunn at Fylkesmannen har bede dei kyrkjelege organa, både lokalt og regionalt, om ei uttale til saka.

Eventuell ny grense

Fylkesmannen ber spesielt om at kommunane uttaler seg om kvar av dei to alternative grenseløysingane. Dersom kommunen meiner at andre grenseløysingar er føremålstenlege ber vi om at desse blir grunnjevne - og illustrerte gjennom koordinatar og kartfesting. Det er etter rådmannen sitt syn opplagt at ei grensejustering etter alternativ 1 vil få så store konsekvensar for Hornindal kommune at ein vil fråråde dette.

Med omsyn til innbyggjarinitiativet og innbyggjarhøyringa vil ein kunne rå til at det vert gjennomført ei grensejustering etter eit justert alternativ 2. Ein har sett på ulike alternativ for ei ny grense i området, og legg fram 3 ulike alternativ for politisk behandling. Det er eit alternativ som peikar seg ut, kalla «Kommunegrense 1» som etter rådmannen si oppfatning er det mest naturlege. Her har ein teke omsyn til både Sindreelva sitt løp, kommunevegar og gjeldande eigedomsgrenser. Dette er avvikande i høve det som vart skissert som grense i innbyggjarinitiativet. Den politiske behandlinga av saka vil syne kva alternativ som vert tilrådd frå Hornindal kommune si side, og ein vil i etterkant av dette illustrere denne grensa gjennom koordinatar og kartfesting.

Konklusjon:

Ut frå ei samla vurdering vil ein tilrå at kommunestyret stiller seg positive til den omsøkte grensejusteringa etter eit justert alternativ 2.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Eldrerådet 24.10.2017:

Handsaming:

ELDR- 012/17 Vedtak:

Samrøystes tilråding til kommunestyret:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 24.10.2017:

Handsaming:

RMNF- 012/17 Vedtak:

Samrøystes tilråding til kommunestyret:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Utval for Oppvekst og Helse 24.10.2017:

Handsaming:

UFOH- 034/17 Vedtak:

Samrøystes tilråding til Kommunestyret:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Utval for utvikling 25.10.2017:

Handsaming:

UFU- 047/17 Vedtak:

Samrøystes tilråding til kommunestyret:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Kommunestyret 02.11.2017:

Handsaming:

KS- 066/17 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Hornindal kommuner stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggjarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.

Innleiing

Syner til dykkar brev av 20.07.17, der de ber kommunen kome med faktaopplysningar knytt til ei eventuell grensejustering i Kjøs grunnkrins, Hornindal kommune. Kommunen har etter beste evne forsøkt å svare ut dei spørsmåla som de har stilt. Vi har i prosessen hatt eit møte med Stryn kommune, der vi ganske raskt konkluderte med at det var lite som eigna seg til felles utgreiing, men vi har i prosessen utveksla opplysningar og informasjon.

I søknaden frå initiativtakarane vert det skissert to alternativ for ei grensejustering, og Fylkesmannen har bedt oss gjere greie for konsekvensar for begge alternativa. Sidan det i alternativ 2 berre er tale om i underkant av 20 personar, så har vi av omsyn til personvernet valt å unnta rapporten frå offentleg innsyn. Vi vonar Fylkesmannen i si vidare sakshandsaming også tek omsyn til dette.

Om dei ulike alternativa

Begge dei omsøkte alternativa ligg i det som vert definert som Kjøs grunnkrins. Alternativ 1 omfattar heile grunnkrinsen og vert i det vidare omtala som «Kjøs». Alternativ 2 er eit mindre alternativ som strekkjer seg frå Maurset og vestover til Øyebakken. Dette alternativet vert i det vidare omtala som «Maurset».


I søknaden som er underteikna av Andreas Solvik og Per Ove Kjøs kjem det fram at dei primært fremjar søknad om å flytte kommunegrensa vest til Kjøsahammaren slik at området sør/aust for Kjøsahammaren, og som no høyrer til Hornindal kommune, vert høyrande til Stryn kommune. Sekundært søker dei om at grensa vert flytta vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.

I søknaden kjem det fram bakgrunn for val av grenser og bakgrunn for endring av grense. I tillegg er det kome brev frå fleire av innbyggjarane i området Kjøs, der dei set seg imot ei grensejustering som omfattar området der.

Kommunestyret i Hornindal handsama saka i møte den 08.09.16 og fatta følgjande vedtak i KS-054/16:

KS- 054/16 Vedtak:

1. Hornindal kommunestyre er positive til at det vert sett i gang ei utgreiing knytt til justering av noverande kommunegrense i Hornindal. Dette med bakgrunn i søknad om grensejustering mellom Stryn og Hornindal kommunar.
2. Kommunestyret ynskjer primært at det vert utgreidd sak om å flytte grensa vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.



Utgreiing

Fylkesmannen har i medhald av inndelingslova § 9 bedt Hornindal kommune om å gjere greie for følgjande verknader av ei eventuell grensejustering:

- Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter
- Reiseavstandar til kommunesenter før og etter grensejustering
- Arbeidsplassar i aktuelt område
- Pendling mellom kommunane
- Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område
- Bruk av kommunale tenestetilbod lokalisert i aktuelt område
- Endring i tilgjenge til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
- Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved justering av grensa
- Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført
- Befolkning fordelt på alder
- Sosiodemografiske kjenneteikn, jf. kriteria i inntektssystemet
- Omfanget av ressurskrevjande brukarar
- Utligna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)
- Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i aktuelt område
- Areal
- Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
- Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve


- Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelveggar og vegstruktur


Hornindal kommune vil i det vidare forsøke gjere greie for dette, men ser at enkelte områder er vanskeleg å gje presise svar på.

Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført

I Kjøs grunnkrins ser ein at folketalet har vore synkande dei siste 10 åra. Dette er ein trend i alle utkant krinsane i Hornindal kommune, der berre sentrumskrinsane Grodås og Kirkhorn opplever befolkningsvekst. Ein har ikkje spesifikke tal for utviklinga i Maursetområdet, men mykje tyder på at det er same utvikling der som i grunnkrinsen elles.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring frå 07 til 17
Haugen	168	163	161	159	150	148	150	150	151	146	141	-27
Kirkhorn	246	258	235	240	242	240	251	246	255	267	261	15
Grodås	261	266	283	284	281	302	306	307	320	305	322	61
Kjøs	123	122	123	123	121	107	108	106	101	93	93	-30
Otterdal	14	15	15	11	13	13	14	14	14	15	11	-3
Lødemel	260	259	275	276	270	281	284	281	264	261	258	-2
Rygg	123	125	131	133	128	128	124	117	114	112	110	-13






Dette er tal frå 01.01.17. Ved ein gjennomgang av dagens situasjon, ser ein at folketalet i Kjø̂s grunnkrins no er på **89**, og det er dette talet ein har lagt til grunn i vidare kartlegging av situasjonen i grunnkrinsen.


Befolkning fordelt på alder

Innbyggjarar fordelt etter alder		
	Kjø̂s	Maurset
0-1 år	2	0
2-5 år	2	0
6-15 år	7	0
16-22 år	11	2
23-66 år	51	13
67 -79 år	10	2
80-89 år	4	1
90 år og over	2	1
Sum	89	19


Hornindal kommune



Kjørs krins



Maurset



Sosiodemografiske kjenneteikn, jf. kriteri i inntektssystemet

Som ein ser av framstillingane ovanfor er utviklinga i Kjøs grunnkrins som i kommunen elles. Alderssamansetjinga er prega av at det vert fødde få barn i området, at ungdommen flyttar ut og at største delen av befolkninga er i aldersgruppa 23-66 år. Ein ser også ein relativt høg andel pensjonistar i området.

Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter og utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)

Alderssamansetning tilpassa gruppering i inntektssystemet	Hornindal i dag	Hornindal eks Maurset	Hornindal eks Maurset og Kjøs	% samansetn. eks Maurset	% samansetn. eks Maurset og Kjøs	Maurset	Kjøs
Innbyggere ialt	1 197	1178	1108	1178	1108	19	89
Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år	22	22	20	1,90 %	1,80 %		2
Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år	49	49	47	4,10 %	4,20 %		2
Innbyggere 6-15 år	159	159	152	13,50 %	13,70 %		7
Innbyggere 16-22 år	128	126	117	10,70 %	10,60 %	2	11
Innbyggere 23-66 år	620	607	569	51,60 %	51,30 %	13	51
Innbyggere 67-79 år	133	131	123	11,10 %	11,10 %	2	10
Innbyggere 80-89 år	70	69	66	5,90 %	6,10 %	1	4
Innbyggere 90 år og over	16	15	14	1,20 %	1,20 %	1	2
SUM	1 197	1178	1108	100 %	100 %	19	89

Hornindal har lavare skatt pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Dette får ein kompensert gjennom inntekstutjamning. Hornindal kommune ligg på 70,1% av landsgjennomsnittet, og får kompensert opp til 93,7% av landsgjennomsnittet.

Rammetilskot og skatteinntekter Hornindal kommune:

Rammetilskot inkl inntekstutjamning og utgiftsutjamning	57.482.000
Skatteinntekter	24.082.000
SUM	81.564.000

Inntekstap ved at Kjøs grunnkrins vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntekstutjamning og utgiftsutjamning	-2 064 000
Skatteinntekter	-1 799 000
SUM	-3 863 000

Inntekstap ved at Maurset vert overført til Stryn:

Rammetilskot inkl inntekstutjamning og utgiftsutjamning	-360 000
Skatteinntekter	-384 000
SUM	-744 000

I dette har ein lagt til grunn følgjande føresetnader:

det er ikkje teke høgde for andre kriterier i inntektssystemet som: sone, nabo, landbrukskriteriet, dødligeheit, lavinntekt, uføre, skilde, åleinebuande, skilde, ikkje gifte, barn uten kontantstøtte og innbyggjarar med høgare utdanning med meir.

Det er i områda relativt få innbyggjarar i aldersgruppa som etterspør kommunale tenester som skule og barnehage. Dette gjer utslag på utgiftsutjamninga. Vidare at det er relativt fleire igjen som krev kommunale tenester, som ein får kompensert for gjennom utjamninga.

Det er ein førestnad at gjennomsnitt for resten av befolkninga er nytta.

Andre berekningar som kan gjere utslag i inntektssystemet er t.d. faktorar som dreg distriktsindeksen opp, noko som kan gjere utslag i småkommunetilskotet. Konklusjonen er at det er vanskeleg å ta høgde for alle verdiar og berekningar som kan gje utslag på inntektssystemet.

Kommunale avgifter

Det er ingen i Kjøs grunnkrins som et tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg. Det innbyggjarane betalar i kommunale avgifter knyter seg til slamavgift eller har tøming av tette tankar for slam. Maurset har privat vassanlegg. Det er ikkje innført eigedomsskatt i Hornindal kommune, noko som vil få konsekvens for innbyggjarane i Kjøs grunnkrins om dei vert tilhøyrande Stryn kommune i framtida. Stryn kommune har per i dag ein utskriven eigedomsskatt på 3 promille.

Reiseavstandar til kommunesenter før og etter grensejustering

Frå 2020 er Hornindal og Volda kommunar slegne saman til ei kommune. I dag har ein ikkje nok kunnskap om korleis dei kommunale tenestene vert fordelte i dei to kommunane frå det tidspunktet. Ein har i oversikta over reiseavstandar difor teke med både Stryn, Hornindal og Volda som målepunkt. Ein har målt avstanden ut frå 5 ulike målepunkt i Kjøs grunnkrins. I oversynet har ein også teke med avstandar til grunnskulane, då ein ser at ei grensejustering vil kunne få konsekvensar for reiseavstand til skule. Avstand til legevakt er også teke med.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar			
FRÅ / TIL	Kommunehuset Smia	Stryn Rådhus	Volda Rådhus
Maurset (k-grense)	11,8	14,4	46,7
Øyebakken (brua)	8,4	14,4	43,6
Kjøs bru	6,5	16,3	41,7
Holen (k-grense)	7,5	17,3	42,7
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	4,5	18,3	39,6

- Avstanden frå Maurset (k-grense) er 14,4 km om Hatledal og 16 km om Sindre.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar			
FRÅ / TIL	Hornindal skule	Tonning skule	Ungdomsskulen i Bø
Maurset (k-grense)	12,3	14,9	15,9
Øyebakken (brua)	8,9	14,9	15,9
Kjøs bru	7,0	16,8	17,8
Holen (k-grense)	8,0	17,8	18,8
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	5,0	18,8	19,8


Ein har her ikkje teke med avstand til Voldaskulane, då det er klart i intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda at ved kommunesamanslåing skal Hornindal framleis ha 1-10 skule i bygda.

Reiseavstandar (km) i Hornindal og Stryn kommunar		
FRÅ / TIL	Legevakt Eid	Legevakt Volda
Maurset (k-grense)	35,9	45,7
Øyebakken (brua)	32,7	42,6
Kjøs bru	30,5	40,7
Holen (k-grense)	29,5	41,7
Kongsvik (Kjøshammartunnelen)	33,0	38,6

Ein har her ikkje hensynteke drøftingane som pågår på Søre-Sunnmøre knytt til eventuell endra lokalisering av legevakt der.

Arbeidsplassar i aktuelt område og pendling

I området har nokre sjølvstendig næringsdrivande, dette er knytt til drift av gardsbruk, enkelte handtverkarar og taxidrift. Utover dette er det ikkje arbeidsplassar i området, ein har difor ikkje teke med innpendling til området. Dei sysselsette pendlar difor anten til Stryn, Hornindal eller Eid. Ein ser ein relativt stor del pensjonistar i området.



Nokre merknadar til framstillinga ovanfor:

- ✓ «Studie» Ein har forsøkt å kartlegge studentar som bur annan stad i landet, men som ikkje har meldt flytting.
- ✓ «Sjølvstendig» Dette er heiltidsbønder, handtverkarar og taxistasjonen.
- ✓ «Stryn» Busette i krinsen som pendlar til Stryn
- ✓ «Hornindal» Busette som har sitt daglege arbeid ulike stader i Hornindal kommune
- ✓ «Eid» Busette i krinsen som pendlar til Eid
- ✓ «Utvandra» Vi har to innbyggjarar i Maurset som er utvandra, men dei har ikkje meldt flytting frå kommunen.
- ✓ «Anna» Busette i krinsen som av ulike grunnar ikkje er yrkesaktive

- ✓ «Pensjonistar» Busette i krinsen over 67 år.

Bruk av kommunale tenestetilbod lokalisert i aktuelt område


Barnehage

Det er per i dag to barn under barnehagealder i krinsen, ein har to barn i barnehage (desse går over i skulen frå hausten 2018). Det er ingen barn under og i barnehagealder i Maurset.

Skule

Elevar frå krinsen ved Hornindal skule		
	Kjøs	Maurset
1. klasse	0	0
2. klasse	0	0
3. klasse	2	0
4. klasse	0	0
5. klasse	0	0
6. klasse	2	0
7. klasse	0	0
8. klasse	0	0
9 .klasse	1	0
10. klasse	2	0

Som ein ser av tabellen ovanfor er det per i dag 7 elevar frå krinsen som går på skule i Hornindal, desse har alle fylkeskommunal skuleskyss. Det er per i dag ingen frå Maurset i skulepliktig alder. Ei eventuell flytting av desse elevane er sjølvstøtt negativt for utviklinga i skulen i Hornindal, men ei slik flytting vil ikkje føre til at det vert samanslåing av klassetrin i Hornindal.



Per i dag er det 6 personar i Kjøs som mottak teneste frå heimetenesta. To av desse er på Maurset. Av krinsen sine totalt 89 innbyggjarar har 68 personar fastlege i Hornindal, av desse 9 på Maurset.

Endring i tilgjenge til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune

Ved ei grensejustering, uavhengig av kva alternativ som vert vedteke, vil dette få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane i krinsen. Borna i området må då byte barnehage og skule frå Hornindal til Stryn. Det same vil gjelde for helse- og pleie og omsorgstenestene. Vi ser at det vil kunne få konsekvensar for helsetilbodet dersom 68 personar skifter fastlege til eventuelt Stryn. Hornindal kommune har per i dag to fastlegar, med allereie ledig kapasitet på listene sine. Ein har likevel valt å halde fast på denne ordninga, då ein ser at det samla sett gjev eit breiare fagtilbod og betre fagmiljø. Vi kjenner ikkje kapasiteten til Stryn kommune i så måte.

Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved justering av grensa

Tannhelsetenesta

Den fylkeskommunale tannklinikken vart diverre lagt ned i Hornindal, innbyggjarane i Hornindal nyttar difor allereie i dag denne tenesta i Stryn. Når det gjeld situasjonen etter 2020, er dette ikkje avklara.

Kyrkja

Kjøs grunnkrins soknar i dag til Hornindal prestegjeld, Nordfjord prosti, Bjørgvin bispedøme. Hornindal har eiga kyrkje og eigen kyrkjegard. Hornindal er eige fellesrådsområde, men har eit utstrakt samarbeid med Stryn knytt til kyrkjelege ressursar.

Ved ei grensejustering vil innbyggjarane framleis kunne sokne til Hornindal prestegjeld, då både Randabygda og Nordsida per i dag soknar til Hornindal prestegjeld. Alternativet er at dei soknar til Stryn prestegjeld men framleis høyre til same prosti og bispedøme. Korleis den kyrkjelege strukturen vil sjå ut etter 2020 er ikkje fastlagt.

NAV


Hornindal kommune har eige NAV kontor lokalisert på kommunehuset på Grodås. Ved ei grensejustering vil innbyggjarane då måtte byte NAV kontor til Stryn.

Helseforetak

Hornindal kommune høyrer til same Helseforetak som Stryn kommune så ei grensejustering vil per i dag ikkje få noko konsekvens. Frå 2020 vil nok Hornindal mest truleg høyre til Helse Midt.

Vidaregåande skule

Det er per i dag totalt 7 elevar i krinsen som er under vidaregåande utdanning. Ein av desse frå Maurset. Dei 7 fordelar seg slik: Stryn (4), Sandane (1) Førde (2). Situasjonen for denne aldersgruppa vil vere den same ved ei grensejustering til Stryn. Kva situasjonen vert for Hornindal kommune etter 2020, er ikkje avklara, men det vert ført politiske samtalar om dette med dei to fylkeskommunane (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane).



Omfanget av ressurskrevjande brukarar

Det er ikkje ressurskrevjande brukarar i krinsen per i dag.

Det er heller ikkje busett flyktningar i krinsen per i dag.

Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i aktuelt område

Hornindal kommune kjøper i dag PPT-teneste av Stryn kommune, så ei grensejustering vil ikkje få praktiske konsekvensar på det området. Når det gjeld andre interkommunale samarbeid knyter det seg i stor grad til helsetenester, legevakt, KAD med vidare. Dette er avtalar Hornindal har saman med mellom anna Stryn kommune, så dette vil heller ikkje få konsekvensar ved ei eventuell grensejustering, bortsett frå finansieringa. Ein har i dag nytta «Nordfjordmodellen» knytt til finansiering av desse tenestene, dvs 25% lik fordeling mellom kommunen og 75% etter folketal. Kostnadane vil såleis gå noko ned for Hornindal sitt vedkomande, og auke tilsvarende for Stryn kommune.

Kva gjeld renovasjon og avfallshandtering, så har Hornindal kommune dei same ordningane som Stryn kommune.

Areal

Areal				
	innbyggjarar	totalt areal (km ²)	fastland (km ²)	innsjø (km ²)
Kjøs krins	93	12,58	10,34	2,24
Hornindal kommune	1196	192	178,45	13,16

Areal og markslag							
	Jordbruks-areal (da)	Skog (da)	Myr (da)	Opa fastmark og fjell (da)	Bebyggd (da)	Samferdsel,Ferskvatn (da)	Totalt areal (da)
Hornindal kommune	10 549	63 893	5 183	97 194	954	13 837	191 610
Alt1. Kjøs	625	10 065	175	850	105	2 680	14500*
Alt2. Maurset	270	3 650	135	610	15	50	4 730

*totalt areal avviker pga. vi har nytta unøyaktig grense mot fjell og innsjø i forhold til krinsinndelinga

Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Alternativ 1 Kjøs

<i>Plan-ID</i>	<i>Plannamn</i>	<i>Vedtaksdato</i>
19850001	Reguleringsplan_Kjøs-hyttefelt	14.02.1985
19980001	Utbyggingsplan_211-3-hytter	11.06.1998
20010001	Utbyggingsplan_215-8-Holeteigen	24.04.2001
20010004	Reguleringsplan - Utviding av Kjøs hyttefelt	18.12.2001
20060001	Reguleringsplan_Kjøs-kryss	06.04.2006
20090002	Reguleringsplan_Maurset-hyttefelt	18.02.2010
20130004	Detaljregulering for Søraust for Kjøs bru	10.12.2015
20100004	Detaljregulering for Kongsvik bustadfelt	<i>Lagt på is inntil vidare</i>

Alternativ 2 Maurset

<i>Plan-ID</i>	<i>Plannamn</i>	<i>Vedtaksdato</i>
20090002	Reguleringsplan_Maurset-hyttefelt	18.02.2010

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Området i Kjøs grunnkrins er mykje nytta til ulike fritidsføremål, men ein ser det slik at allemannsretten vil verte uendra ved ei grensejustering.

Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelveggar og vegstruktur

I området er det ikkje utbygd kommunale gang- og sykkelveggar. Kommunen har følgjande kommunale vegar i Kjøs grunnkrins (km):

Alt.1 – Kjøs

Maurset	2,240
Jutedalen	0,568
Kjøs	2,138
Kongsvik	1,302
Totalt	6,248

Alt.2 – Maurset

Maurset	2,240
---------	-------

Det er per i dag eit pågåande arbeid knytt til ny E39 gjennom området. Kva konsekvensar dette vil få er noko ein har valt å ikkje omtale i dette dokumentet.

Vedlegg:

- 1 Landbruksoppdraget L. dir
- 2 Landbruksforvaltning 2020 rapport

Verkemiddel som vert forvalta gjennom fylkesmann (FM) og kommune (KOM)

Verkemiddel		Målgruppe	Heimelsgrunnlag	Vedtaksmynde, 1. Instans	Utbetalar	Klageinstans
Lovforvaltning	Lov om regulering av svine- og fjørteproduksjon	Jordbruksføretak	Lov med forskrift	FM		Ldir
	Jordlova med nydyrkingsforskrifta, konsesjonslova, odelslova, skogbrukslova	Jordbruksføretak og andre	Lover med forskrifter	KOM/FM		FM/Ldir
Direkte tilskot	Areal- og kulturlandskapsstilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til dyr på utmarksbeite	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til dyr på beite	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til husdyr	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Driftstilskot i mjølke- og kjøttproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Utviklingstiltak for geit/Fniskare geiter - kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot og avløysartilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til bevaringsverdige husdyrassar	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til lammesiakt	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Tilskot til veterinære røiser	Røisetilskot ved vetennærers syke- og inseminasjonsbesøk	Husdyrproducentar som nyttar seg av vetennærtenester	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Tilskot til kommunale vetennærtenester	Stimuleringsstilskot	Kommunar	Rundskriv	FM	Ldir	-
	Vakt og administrasjonstilskot til kommunale vetennærtenester	Kommunar	Rundskriv	Ldir	Ldir	-
Velferdstiltak	Tilskot ved avløyning løne og fritid	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot ved sjukdom og fødsel m.v.	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tidlegpensjon for jordbrukarar	Pensjonerte jordbrukarar	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til landbruksvikarverksemd	Avløysarlaga	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Tilskot til grønt- og potetproduksjon	Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønnsaker	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Distrikstilskot for potetproduksjon av malpotet dyrka i Nord-Norge	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Erstatningar etter klimabetinga skadar	Erstatning for avlingssvikt	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for svikt i honningproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Erstatningar etter offentleg pålegg og restriksjonar	Erstatning etter offentleg pålegg som følge av planteskadegjerarar	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning etter offentleg pålegg om nedslakting av husdyr	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning etter frivillig nedslakting av sauobeseining pga. sjukdomane mædi og skrapesjuka	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for tap av tilskot i ein palagt opphaldsperiode	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for nedføringkostnader som følge av radioaktivitet	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for flytterestriksjonar på bier	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Kompensasjon for produksjonstap ved MRSA	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir

Verkemiddel		Matgruppe	Heimelsgrunnlag	Vedtaksmynde, 1. Instans	Utbetalar	Klageinstans
Kompensasjon - bruk av utmarksbeite	Kompensasjon ved restriksjonar i bruk av utmarksbeite grunna rovvilt	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Reindrift	Tilskot til siidaandeler og tamreinlag	Ledere av siidaandeler	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til reinbeitedistrikter og tamreinlag	Reinbeitedistrikter	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Kompensasjon for ulgifter, merarbeid og økonomiske tap som følge av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt	Reinbeitedistrikter, siida og tamreinlag	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Skogbruk	Skogfond	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	FM	FM
	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket -	Skogbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket -	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar	Skogbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til planting på nye areal som klimatiltak	Jordbruks- og skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til tettare planting og gjødsling som klimatiltak	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Næringsutvikling	Fylkesvise utrednings- og tilretteleggingsmiddel	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Miljøverkemiddel	Regionale miljøprogramtilskot	Jordbruksføretak	Jordbruksavtale	KOM	Ldir	FM
	Klima- og miljøprogram	Forvaltninga, organisasjonar, jordbruksføretak	Jordbruksavtale	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til tiltak i beiteområde	Jordbruksføretak og beitelag	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til drenering	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til utsiktsrydding i kulturlandskapet	Føretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til tiltak i verdsarvområde og utvalgte kulturlandskap i jordbruket	Jordbruksføretak og andre	Jordbruksavtalen	FM	Ldir	-
Økologisk landbruk	Omlaggingstilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Areallilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til økologisk husdyrproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Føregangsfylke - økologisk landbruk	Jordbruksføretak, marknadsaktørar m v	Jordbruksavtalen	FM	Ldir	-



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPA LANDBRUKSFORVALTNING 2020

Kommunal landbruksforvaltning i Møre og Romsdal

Ansvar, status og organisering

Molde, den 3. juni 2016

I. INNHALD

2. Innleiing – bakgrunn og mandat	1
3. Landbruksforvaltninga i 2016.....	2
4. Ulike organisasjonsmodellar	4
5. Organisasjonar landbruksforvaltninga samarbeider med	6
6. Oppgåveportefølje for kommunal landbruksforvaltning.....	7

2. INNLEIING – BAKGRUNN OG MANDAT

Kommunane er førsteline forvaltningsorgan for landbruks- og matsektoren, og har ansvaret for gjennomføring av landbrukspolitikken på lokalt nivå. Går vi nokre tiår tilbake var heile landbruksforvaltninga – frå departement til kommune – eit statleg ansvar. Kommunane tok over dei statlege landbrukskontora i 1994, og frå 2004 fekk kommunane vedtaksmynde for store delar av dei økonomiske og juridiske verkemidla i landbrukspolitikken. Kommunane har blitt ein viktig landbrukspolitisk aktør, og landbruksnæringa er heilt avhengig av ei effektiv og kompetent forvaltning i kommunen.

I mange kommunar er landbruket ein viktig del av næringsgrunnlaget, og den viktigaste forvaltaren av kulturlandskapet. Bøndene er naturleg nok forvaltarar av store delar av det totale arealgrunnlaget, og kommunen si rolle som arealplanleggar og som forvaltar av ressursar for matproduksjon gjer dette området særleg viktig.

Det er grunn til å tru at talet på kommunar blir redusert dei komande åra. Kommunane er allsidige og kompliserte organisasjonar med stor oppgåveportefølje, og fusjonar er nødvendigvis utfordrande prosessar. Samtidig er det nødvendig å understreke at kommunane har ei svært viktig rolle for å gjennomføre landbrukspolitikken, og at næringa er heilt avhengig av ei effektiv og påliteleg lokal landbruksforvaltning.

Det er berre unntaksvis at problemstillingar knytt til landbruk er kommentert i grunnlagsdokument eller nemnt i debatten rundt kommunestruktur. Landbruksforvaltninga blir neppe førande for korleis kommunane organiserer seg framover, men samtidig er det viktig for både næring og samfunn at oppgåvene blir ivaretatt på ein god måte. Landbruksoppdraget må vere synleg og tydleg i prosessane, og dette notatet er meint å skulle vere eit bidrag til akkurat det.

Dette er den direkte bakgrunnen for at landbruksdirektøren i 2015 sette ned ei arbeidsgruppe med slikt mandat:

«Gruppa skal kartlegge og beskrive oppdraget for kommunal landbruksforvaltning. Gruppa skal beskrive roller, kompetansekrav, og gjere greie for krav og forventningar til både kapasitet og kvalitet. Gruppa skal kartlegge og beskrive aktuelle modellar for lokal landbruksforvaltning. Gruppa skal levere eit dokument som kan brukast som grunnlag i kommunereformprosessen».

Deltakarar i arbeidet har vore Helga Færøy, Rune Horvli, Bjarne Lund, Arnold Hoddevik, Tormod Meisingset og Ottar Longva.

3. LANDBRUKSFORVALTNINGA I 2016

Staten hadde fram til 1993 arbeidsgjevaransvaret for landbruksforvaltninga i kommunane. Aktiviteten var særleg stor i utbyggingsperioden på 1970 og 1980 talet. På denne tida var rundt det rundt 100 årsverk på «landbrukskontora» her i fylket. Endringar i samfunn, teknologi og ikkje minst i landbruksnæringa har gjort at oppgåvene er andre, og omfanget langt mindre enn for to tiår tilbake. Utbyggingsdimensjonen har blitt svekka, medan sakshandsaming, ressursforvaltning, plansaker og føretakskontrollar har blitt viktigare.

Kommunane har etter verksemdsoverdraginga i 1993 lovpålagt plikt til å handtere «landbruksoppdraget». Kommunane har organisert landbruksforvaltninga ulikt. Nokre kommunar har

Årsverk i landbruksforvaltninga

Aukra	0,5
Aure	1,9
Averøy	2,0
Eide	1,0
Fræna	4,0
Gjemnes og Kristiansund	2,0
Halsa	1,5
Haram, Giske og Sandøy	2,2
Midsund	0,4
Molde	1,4
Neset	1,2
Norddal	2,5
Nordre Sunnmøre LK	2,9
Rauma	2,7
Rindal	1,6
Sande	0,5
Stranda	1,3
Sunnadal	3,0
Surnadal	3,0
Sykkylven	1,4
Søre Sunnmøre LK	3,2
Tingvoll	2,6
Vanylven	1,2
Vestnes	2,0
Ørsta og Volda	4,2

tradisjonelt «landbrukskontor», andre har landbruksforvaltninga integrert i ein større sektor – ofte saman med planarbeid eller tekniske tenester. Dei kommunale miljøoppgåvene blir i stor utstrekning handtert av landbruksforvaltninga. I nokre kommunar er dette formalisert gjennom stillingsprosentar knytt til miljø eller landbruk, i andre kommunar er miljøoppgåvene oppfatta som ein del av landbruksoppdraget. Skogbrukstenestene er ofte organisert etter andre distriktsgrenser og samarbeidsformer enn oppgåvene innan jordbruk.

I sum betyr dette at det ikkje er enkelt å identifisere ressursane som blir brukt til landbruksoppdraget, og at framstillinga ikkje er konsistent.

Tilbakemeldingar frå kommunane indikerer at bemanninga – på dei fleste kontora – er god nok til å dekkje dei lovpålagte oppgåvene, men at det kan vere utfordrande å møte arbeidstoppane. Fleire melder også at oppgåver som bør gjerast (men som ikkje er lovpålagt) må leggast til sides. Dette går i stor grad utover utviklingsoppgåvene.

Fleire kommunar er bekymra over at lav bemanning gjer kontoret sårbart. Dette gjeld spesielt handteringa av tilskotsordningane.

Kompetanse i landbruksforvaltninga

Fram til 2004 var det stilt eksplisitt krav om at «landbrukskontoret» skulle leiast av ein person med relevant utdanning på masternivå (typisk sivilagronomutdanning frå NIBIO). Dette kravet vart oppheva i 2004, jf. St.meld. nr 19 (2001-2002). Kompetansekravet i dag kan avleiest av prinsippet om 'forsvarleg myndigheitsutøvelse'. Når kommunen er gitt ansvaret for å ivareta ei

oppgåve, så følgjer også ansvaret for å tilsette eller på annan måte sikre nødvendig arbeidskraft med relevant kompetanse.

Kartlegging av status våren 2016 viser at utdanningsnivået i landbruksforvaltninga er høgt, og at dei fleste kommunane har stabil bemanning på nøkkelfunksjonane. Også etter oppmjukinga av kompetansekravet i 2004 har dei fleste kommunane rekruttert leiar med god formalkompetanse. Dei aller fleste «nye» har mastergrad frå relevant fagområde.

Av totalt 45 tilsette i kommunal landbruksforvaltning hadde 26 personar utdanning på mastergradsnivå med relevant fagkrets. Dei fleste av desse har sivilagronom-/forstkandidatgrad frå UMB. Den naturfaglege kompetansen er etterspurd også på andre sektorar, og landbrukstilsette har typisk ansvar for oppgåver innanfor miljøforvaltning, karttenester og arealplanlegging. Andre høgst relevante fagkombinasjonar er utdanning på bachelornivå i økonomiske/administrative fag, kombinert med lang relevant erfaring frå næring og forvaltning.

Fleire har særkompetanse innanfor GIS, kartbruk, eller miljøfag. I tillegg til formalkompetansen har landbrukskontora særleg god kontakt med grunneigarar og næring. Kommunane har spesielt god kompetanse på handteringa av tilskotsordningane, men fleire saknar kompetanse på nokre av oppgåvene i utkanten av landbruksoppdraget. Dette saknet er særleg uttrykt på område som sakshandsaming etter Plan og bygningslova, og arbeidet med kommuneplanar.

Det totale bildet er at landbruksforvaltninga har tilsette med høg og relevant formalkompetanse. Både det naturfaglege og administrative er godt dekkja. Arbeidsoppgåvene på «landbrukskontoret» er allsidige og til dels komplekse. Det er nødvendig med både formell bakgrunn og god regularitet. Landbruksnæringa er heilt avhengig av at forvaltninga har god kompetanse, og tilstrekkeleg kapasitet til å møte arbeidstoppane.

FINANSIERING AV LANDBRUKSOPPDRAGET

1502 Molde	1 315 395	1534 Haram	1 714 973
1504 Ålesund	449 528	1535 Vestnes	1 622 703
1505 Krsund	403 966	1539 Rauma	2 707 652
1511 Vanylven	1 885 592	1543 Nesset	1 715 030
1514 Sande	767 483	1545 Midsund	618 010
1515 Herøy	996 375	1546 Sandøy	321 584
1516 Ulstein	578 202	1547 Aukra	384 092
1517 Hareid	491 627	1548 Fræna	3 164 523
1519 Volda	1 691 216	1551 Eide	1 178 309
1520 Ørsta	2 836 989	1554 Averøy	1 499 448
1523 Ørskog	488 513	1557 Gjemnes	1 720 992
1524 Norddal	1 219 276	1560 Tingvoll	1 459 959
1525 Stranda	1 436 978	1563 Sunndal	1 694 017
1526 Stordal	425 387	1566 Surnadal	2 558 842
1528 Sykkylven	1 217 276	1567 Rindal	1 489 984
1529 Skodje	508 885	1571 Halså	1 132 276
1531 Sula	320 947	1573 Smøla	1 104 310
1532 Giske	790 259	1576 Aure	1 921 291

Oppgåvene på landbruks- og matområdet får grunnfinansiering frå frie inntekter, fordelt gjennom inntektssystemet for kommunane.

Grunnlaget for fordelinga på kommunar er eit eige landbrukskriterium. Dette kriteriet blir revidert i 2016, men det er uansett interessant og relevant å sjå på fordelinga slik ho var i 2015 (sjå kommunetabell).

Grunnlaget for fordelinga:
30% Jordbruksareal
40% Talet på landbrukseigedomar
20% Talet på jordbruksføretak
10% Totalareal kommune

4. ULIKE ORGANISASJONSMODELLAR

Organiseringa av oppgåvene er gjort ulikt frå kommune til kommune. Nokre kommunar har klassisk landbrukskontor, andre har organisert tenesteområde landbruk som oppgåve under andre etatar, og nokre har etablert ulike interkommunale løysingar. Totalt har landbruksforvaltninga blitt mindre synleg dei siste åra. Varemerket er svekka, og oppdraget kan av og til kome i skuggen av andre viktige kommunale oppgåver.

Etter at kommunane tok over dei statlege landbrukskontora i 1993 har det vakse fram fleire ulike modellar for å organisere tenesta. Dette er dynamiske prosessar, i den forstand at strukturane forandrar seg etter behov, ofte styrt av andre omsyn i kommunane.

Fylkesmannen skal sjå til at kommunane har god nok kapasitet og at kvaliteten på leveransen er god. Fylkesmannen følgjer opp gjennom dagleg samarbeid og spesifikt ved forvaltningskontrollane. Så lenge leveransen fyller krava, er internorganiseringa ei sak for kommunen. Kvar av modellane har sine sterke og svakare sider. Denne drøftinga er relevant i samband med omorganiseringar, fusjonar og nye samarbeid mellom kommunane.

I nokre kommunar er landbruksnæringa lita, slik at grunnlaget for sjølvstendig forvaltning ikkje er til stades. Samarbeid med nabokommunar kan gi meir profesjonell handtering av landbrukssaker, og gi grunnlag for eit breiare fagmiljø. Større miljø gir som oftast eit betre fagleg tilbod, og det kan vere enklare å rekruttere kompetent personale. Desse «stordriftsfordelane» må haldast opp mot andre verdiar som kontakt med lokal næring, fysiske avstandar, og integrasjon mellom landbruksforvaltninga og andre saksområde i kommunen. I mange kommunar er det landbrukskontoret som har den naturfaglege kompetansen, som også er relevant på mange andre saksområde.

Modell I: Tradisjonelt landbrukskontor

Dette er basismodellen, der kvar kommune har tilsette som utfører landbruksoppdraget. Rådmannen har ansvaret, etter delegasjon frå kommunestyret. Rådmannen kan delegere oppgåver vidare til landbrukssjefen. «Landbrukskontoret» er enten sjølvstendig eining i kommuneadministrasjonen, eller integrert i ei større eining. Etter denne modellen er landbruksforvaltninga ein integrert del av den kommunale organisasjonen, med fullmaktene direkte frå rådmannen.

Det er rimeleg å tru at kommunane - som konsekvens av kommunereforma - blir større enn i dag, og at modellen med eige landbrukskontor blir den vanlegaste framover.

Det er vanleg at «landbrukskontoret» gjennom intern arbeidsdeling i kommunen har oppgåver utover det snevre landbruksoppdraget – mest vanleg er oppgåver innanfor miljø- og klimaarbeid, og sakshandsaming etter Plan og bygningslova. Den individuelle kompetansen blir ofte bestemmande for kva oppgåver som blir lagt til kontoret. Det er vanleg at landbrukskontoret deler administrative ressursar med andre sektorar i kommunen.

I dag er status at mange kontora har få – kanskje berre ein - tilsett. Slike kontor er naturlegvis sårbare for fråvere, og det er vanskeleg å halde oppe nødvendig kompetanse.

Modell II : Vertskommunemodell (administrativt samarbeid)

Det kan vere gode grunnar til at to eller fleire kommunar samarbeider om å løyse landbruksoppdraget. Den vanlegaste modellen for samarbeid mellom kommunar er vertskommunemodellen. I dette ligg at ei kommune («vertskommune») gjer arbeidet med landbrukssakene frå to eller fleire kommunar («medlemskommunar»). Medlemskommunar kan delegere saker som ikkje er av prinsipiell karakter til vertskommunen. Det juridiske grunnlaget for vertskommunemodellen er å finne i kommunelova § 28-1 b og c.

Vertskommunemodellen krev avtalar mellom kommunane som avklarar økonomi og delegasjonsfullmakter gitt til vertskommune. Det kan også vere utfordrande for medlemskommunane å integrere landbruksforvaltninga i eigen produksjon.

Sjå Kommunelova § 28-1 b «Administrativt vertskommunesamarbeid»

Lovverket skil mellom saker av «prinsipiell karakter» - som ikkje kan delegerast - og oppgåver som har karakter av drift. I delegeringsvedtaket kan samarbeidskommunen fastsetje retningslinjer for kva som er å rekne som «prinsipiell sak». Saker som ikkje er delegert skal handsamast politisk av kvar medlemskommune. Denne modellen gir i stor utstrekning medlemskommunen høve til å bestemme kva som skal delegerast.

Medlemskommunane delegerer ansvar til rådmannen i vertskommunen, som igjen delegerer til landbrukssjefen i vertskommunen. Det er grunn til å gjere merksam på at kvar medlemskommune gjer individuelle vedtak om delegasjon, og i samarbeid med fleire medlemskommunar kan det bli fleire regelsett å halde orden på for vertskommune. Politisk behandling krev ofte meir saksførebuing, og saksgangen er i seg sjølv meir arbeidskrevjande.

Folkevald organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde der delegasjonen har skjedd frå samarbeidskommunen til vertskommunen.

Samarbeid etter vertskommunemodellen blir regulert av avtale mellom vertskommune og kvar medlemskommune, samt av delegeringsvedtaket i medlemskommunen. Avtalen skal typisk regulere fordeling av kostnader, og kva samarbeidet skal omfatte. Avtalane er individuelle, men typisk innhald kan vere:

- Tidshorizont for avtalen, detaljar rundt oppseiing eller forlenging
- Avgrensing av avtalen etter type saker
- Ressursar (kompetanse og kapasitet) i vertskommune
- Økonomisk oppgjer - kostnadar for kvar deltakarkommune
- «Kontaktgruppe / styringsgruppe» for samarbeidet

Modell III : Interkommunalt landbrukskontor

Modell 3 er eit utvida samarbeid i forhold til vertskommunemodellen. Det må etablerast ei felles folkevald nemnd, som får delegert mynde frå kvar av medlemskommunane. Det juridiske grunnlaget for denne modellen går fram av kommunelova § 28-1 c .

Medlemskommunane kan delegere mynde til at nemnda kan gjere vedtak også i saker av prinsipiell karakter. Kommunen gir her frå seg direkte kontroll med forvaltninga, og konseptet kan gjere det vanskeleg å integrere landbruksforvaltninga med anna kommunal tenesteproduksjon.

Felles interkommunalt landbrukskontor gir kvar kommune mindre kontroll og svakare styring over eiga verksemd samanlikna med modellane I og II. Det er også ein reell fare for at medlemskommunane kan sjå på det interkommunale landbrukskontoret som ein ekstern instans, og ikkje som integrert del av eigen produksjon.

Sjå Kommunelova § 28-1 c. «Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd»

Samarbeid mellom kommunar (gjeld både vertskommunemodellen og felles interkommunalt landbrukskontor) kan legge grunnlag for eit større fagmiljø. Store fagmiljø er meir robuste for skifte i mannskap, og gir grunnlag for arbeidsdeling og spissing på fagområde.

5. ORGANISASJONAR LANDBRUKSFORVALTNINGA SAMARBEIDER MED

Kommunane samarbeider tett med andre aktørar som har ansvar på landbruksområdet.

Landbruksdirektoratet Direktoratet er ansvarleg for å gjennomføre jordbruksavtalen. I dette ligg ansvar for alle økonomiske virkemiddel, og å lage rutinar og system for forvaltninga. Landbruksdirektoratet formidlar politiske føringar til forvaltninga, og er klageinstans for både tilskotsforvaltning og for saker etter jordbruket sine særlover.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal FM samarbeider tett med kommunane om landbruksoppgåvene. Fylkesmannen organiserer oppgåvene på tvers av kommunane, og følger opp med kurs, opplæring og telefonstøtte. Fylkesmannen er første klageinstans for mange saksområde som ligg til kommunane.

Hoppid Kommunane skal arbeide med landbruksbasert næringsutvikling. Det har blitt vanleg at delar av dette oppdraget blir gjort av dei kommunale næringskontora (Hoppid). Denne arbeidsdelinga krev godt samarbeid mellom Hoppid og landbrukskontoret, der landbrukstilsette typisk tar ansvar for saker som går på tradisjonell driftsutbygging, medan Hoppid tar det meste knytt til bedriftsetableringar og for eksempel småskala foredling. Vi har også døme på at «landbrukskontoret» også er Hoppid-kontor.

Innovasjon Norge IN forvaltar bedriftsretta virkemiddel retta mot landbruket. Oppdraget blir gjort med føringar frå fylkesmannen, og i samarbeid med kommunane.

NIBIO Kommunane har ansvaret for å halde ved like grunnlagsdata for AR5 / Gardskart. Dette datasettet er ein integrert del av systema for tilskotsforvaltning.

Næringsorganisasjonane Kommunane har samarbeid med Bondelaget, Norsk bonde- og småbrukarlag og skogeigarforeninga om fleire tema, - mellom anna lokale strategiar for SMIL-midlane. Utover det som er pålagt varierer dette samarbeidet mykje frå kommune til kommune.

Norsk Landbruksrådgjeving Mange kommunar arbeider tett med NLR for å skape gode møteplassar mellom gardbrukar , rådgjevingsteneste og forvaltning.

Mattilsynet Kommunane samarbeider med Mattilsynet i tilsynssaker. Kommunane administrerer ordninga med eksamen i plantevern og innmelding i databasen for autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel.


6. OPPGÅVEPORTEFØLJE FOR KOMMUNAL LANDBRUKSFORVALTNING.

Nokre av oppgåvene er styrt av års-syklusen, medan andre oppgåver er løpande gjennom året. Landbruksforvaltninga har særleg stor arbeidsbelastning knytt til søknadar om produksjonstilskot (2 årlege periodar) og regionalt miljøprogram.

Bøndene får ein vesentleg del av inntektene gjennom overføringane frå jordbruksavtalen. Kommunane har ei heilt sentral rolle i dette systemet, både for å forvalte ordningane, og ikkje minst for å kontrollere at oppgåvene frå gardbrukarane stemmer. Kontrollarbeidet har blitt ein heilt sentral del av det totale oppdraget.

Grunndata for figuren er henta frå Vista Analyse Rapport 2013/34. Vedlegg B i den same rapporten danna utgangspunktet for opplistinga av oppgåver. Oppgåveporteføljen er oppdatert til status 2016, etter dialog med kommunane.

Ein viktig del av arbeidsoppdraget er kontroll med at tilskotsmidlane blir brukt etter føresetnadene. Kontrollane kan vere baserte på gjennomgang av dokument, eller det kan vere observasjonar på gardsbruket. Kontrolljobben går på fleire av ordningane.



Førsteinstans - Produksjonstilskot i jordbruket

Produksjonstilskot er fellesuttrykket for fleire tilskotsordningar som er retta mot føretak som driv jordbruksproduksjon.

Kommunen skal:

- Gi råd om regelverk til føretaka
- Handsame søknadar og fatte vedtak
- Utføre kontroll av at oppgåvene som ligg til grunn for tilskotet stemmer
- Ta i mot og ta stilling til klager på vedtak
- Lage manuelle utbetalingskrav ved ettersendt dokumentasjon
- Kvalitetssikre areala med utgangspunkt i gardskart og jordregister
- Oppdatere landbruksregisteret
- Kontrollere og ajourføre endringar for AR5

Førsteinstans – Miljøvirkemiddel

Miljøvirkemidlane over jordbruksavtalen der kommunen har vedtaksmynde omfattar: Regionalt miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Kommunen skal :

- For RMP gjeld tilsvarande som for produksjonstilskot
- For SMIL-ordninga skal kommunen
 - Utarbeide ein fleirårig strategi i samarbeid med landbruksnæringa
 - Gir råd om ordninga og ta initiativ til prosjekt
 - Handsame og prioritere søknadar
 - Følgje opp og kontrollere at løyvde midlar blir brukt etter føresetnadene
 - Ta i mot og handsame eventuelle klager i førsteinstans
- Godkjenning av beitelag

Andre miljøoppgåver innanfor landbruk styrt av anna lovverk:

- Klima og energiplanlegging
- Kontaktpunkt og legge til rette for satsingar som Utvalde kulturlandskap
- Verdsarvområda og utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk
- Forureiningslova – saker som fell naturleg inn under landbruk
- Naturmangfaldlova – alle typar arealtiltak
- Erstatningsordningar (bl.a. klimarelaterte skader, offentlege pålegg, rognebærmøll) – ta i mot søknader, kontrollere opplysningane og gi uttale til Fylkesmannen
- Beitebruk: Samordne søknader frå kommunens beitelag på FKT-midlar og investeringar i organisert beitebruk, samt gi uttale (*FKT= Førebyggande og konfliktdempande tiltak*).
- Rovvilt / FKT – ta i mot søknadar, kontrollere opplysningar og gi uttale til FM.
- Autorisasjonsbevis for plantevernmidde
- Tilsynsmynde etter forskrift om floghavre
- Tilsynsmynde etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Utsiktsrydding – (nytt frå 2016)

Landbruksforvaltninga har – nesten utan unnatak – ansvaret for miljøraker i kommunane, som motorferdsel i utmark, og saker knytt til viltforvaltning, jaktorganisering, søk etter fallvilt o.a.

Førsteinstans - velferdspolitiske tiltak

Velferdspolitiske verkemiddel over jordbruksavtalen der kommunen har vedtaksmynde

- Tilskot ved avløyning ferie og fritid
- Tilskot til avløyning ved sjukdom m.m.
- Tidlegpensjon for gardbrukarar (ikkje vedtaksmynde, men klargjering av søknadar for FM)

Avløyingsordninga ferie og fritid har søknadsrutine samordna med produksjonstilskot.

Søknad om tilskot til avløyning ved sjukdom m.m. skal sendast sendes kommunen. Kommunen må her gå gjennom grunnlagsopplysingane, ta fagleg/skjønsmessig stilling til kvar søknad og gjere utrekningane.

Førsteinstans - juridiske virkemiddel - lovforvaltning

Kommunen har vedtaksmynde for:

- Jordlova (omdisponering og deling, spørsmål om driveplikt, plan for nydyrking)
- Konesjonslova
- Odelslova
- Skoglova
- Viltlova

Kommunen skal mellom anna :

- gi rettleiing om regelverk m.m.
- Handsame søknadar og gjere vedtak
- Ta i mot og ta stilling til klager på kommunale vedtak
- Rapportere gjennom KOSTRA
- Handsame dispensasjonssøknadar, administrere jordleigeavtalar
- Følgje opp vedtak om driveplikt
- Taksering og priskontroll

Andre lover der kommunen har oppgåver:

- Naturmangfaldlova – vurderingar etter §§ 8 – 12, mellom anna arealsaker, nydyrkingssaker, dreneringssaker, og tilskotssaker med naturinngrep.
- Plan og bygningslova - arbeid knytt til landbruk og jordvern
- Fjellova, Beitelova , Gjerdelova
- Lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell
- Matlova

Førsteinstans – skogbruk

Skogbruksoppgåvene er i stor grad avleia frå Lov om Skogbruk med forskrifter.

Kommunen skal :

- Gi rettleiing til skogeigarar om lover, forskrifter og anna regelverk
- Forvalte økonomiske verkemiddel – skogfond og NMSK-tilskotta
- Gjere resultatkontroll skogbruk og miljø
- Følgje opp forynging
- Skogbruksplanlegging

- Landbruksvegar
- Vere pådrivar overfor skogeigarar for skogkultur, skogsbilvegar og skogbruksplanlegging
- Registrerings- og rapporteringsoppgåver
- Arbeide aktivt for å skape arenaer for fagleg utvikling – skogdagar, kurs innanfor Aktivt skogbruk o.a.

Næringsutvikling

Kommunen har ansvaret for å utvikle landbruket lokalt innanfor rammene av den nasjonale landbruks- og matpolitikken.

Kommunen skal:

- Medverke til at landbruket blir ein integrert del av lokalt nærings- og utviklingsarbeid.
- Ta initiativ til og legge til rette for landbruksbasert næringsutvikling
- Vere førsteline for næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt jordbruk og landbruksrelaterte næringar

I Møre og Romsdal blir delar av oppdraget på næringsutvikling handtert av Hoppid-nettverket. Landbruksforvaltninga er samarbeidspartnar med Innovasjon Norge, og mottaksadresse for søknader om tilskot til næringsutvikling. Arbeidsdelinga med hoppid-nettverket blir tilpassa lokalt, men i hovudsak tar hoppid-kontora seg av individuell rådgjeving og støtte til landbrukstilknytt næringsutvikling. Utvikling av det tradisjonelle jordbruket blir i all hovudsak handtert av landbruksforvaltninga.

Arbeidsgruppa Landbruksforvaltning 2020

Molde, 03.06.2016


Ottar Longva


Rune Horvli


Helga Færøy

Arnold Hoddevik


Bjarne Lund


Tormod Meisingset



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Nye kommunar i Møre og Romsdal - Infoskriv nr. 3/2017

Fylkesmannen sender med dette ut infoskriv nr. 3 til nye kommunar. I dette INFO-skrivet er det spesielt fokus på økonomiplan, prosjektorganisering, saksbehandlingsreglar, eigedomsskatt og organisasjonsnummer for nye kommunar.

Vi informerer litt om kravet til fellesnemnda om å uttale seg til budsjett- og økonomiplanar for samanslåingskommunane. Det blir informert om kommunelova sine saksbehandlingsreglar i forhold til prosjektorganiseringa i arbeidet fram til ny kommune 1. jan. 2020. Kommunane har også etterlyst litt meir utfyllande informasjon om eigedomsskatt i høve til kommunesamanslåing. Til slutt seier vi litt om nytt organisasjonsnummer til den nye kommunen.

INFO-skrivet er ein «kortversjon» av all informasjonen som er tilgjengeleg i arbeidet med kommunesamanslåing. Vi viser blant anna til informasjon som er tilgjengeleg både på regjeringa og Fylkesmannen sine heimesider.

Kontaktperson:

Seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, mobil: 976 47 729, e-post:
frida.farstad.brevik@fylkesmannen.no

Seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad, mobil 99 15 85 49, e-post:
fmmrvive@fylkesmannen.no

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 Infoskriv nr. 3/2017



Nye kommunar i Møre og Romsdal

INFOskriv nr. 3/2017

Innhald

- 1. Uttale til Fylkesmannen om budsjett og økonomiplan frå dei enkelte samanslåingskommunane**
- 2. Rekneskapsføring for fellesnemnder**
- 3. Prosjektorganisering og kommunelovas sakshandsamingsreglar**
- 4. Kommunesamanslåing og eigedomsskatt**
- 5. Organisasjonsnummer for ny kommune**



1. Uttale til Fylkesmannen om budsjett og økonomiplan frå dei enkelte samanslåingskommunane

Nokre avklaringar jamfør Inndelingslova § 26. om fellesnemnda sine oppgåver.

«Fellesnemnda skal ta hand om det førebunde arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld. Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»

Fylkesmannen ber om å få tilsendt ein uttale etter at dei formelle vedtaka er fatta i dei enkelte kommunestyra. Her ser fylkesmannen det som viktig at fellesnemnda svarar ut følgande 2 spørsmål:

- Er fellesnemnda av den oppfatning at dei enkelte kommunar sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei politiske prioriteringane og innanfor det økonomiske handlingsrommet for den nye kommunen? I kva grad er dei vedtekne investeringane i samsvar med dei framtidige behova i den nye kommunen ?
- Er fellesnemnda av den oppfatning at enkeltkommunane sine driftsbudsjett/økonomiplan er i samsvar med dei politiske prioriteringane og innanfor det handlingsrommet den nye kommunen vil få? I kva grad er dei vedtekne tiltaka i økonomiplanen i samsvar med dei framtidige behov i den nye kommunen ?

Fylkesmannen ser det også hensiktsmessig at fellesnemnda sin uttale også er kjent før dei formelle vedtak i kommunestyre/bystyre fattast. Da kan enkeltkommunane ha moglegheit til eventuelt å gjere endringar. Vi ser at det kan vere lurt at det er dialog mellom fellesnemnda og enkeltkommunane i prosessen fram til vedtaket.

2. Rekneskapsføring for fellesnemnder

Fylkesmannen foreslår at fellesnemnda får eit eige ansvarsområde i rekneskapen, at ein brukar funksjon 120 og bruk av art etter den ordinære kontoplanen. Vi har og drøfta og fått nokre fleire presiseringar om Kostra-føring for fellesnemndene med departementet.

Rekneskapsføringa av billaga til fellesnemnda blir gjort av ein av kommunane, og kanskje med tilsette som allereie er lønna i den eine kommunen. Dersom det er tilsett folk ekstra til å føre desse billaga, så blir det ei ekstra utgift på funksjon 120. Dersom det er inngått ein avtale med dei andre kommunane om eit bidrag, skal desse kommunane føre utgifta på F120, A350. Den kommunen som fører rekneskapen fører inntekta på F120, A750.

Ein skal ikkje nytte F290 i dette høve. (Det er heller ingen ny funksjon oppretta på fellesnemndene.)

For å kunne forklare høgare Kostra-tal knytt til F120 for kommunar som fører rekneskap for fellesnemndene, er det enklast dersom ein då har oppretta eit eige ansvarsområde. Då finn ein ut kor mykje dette arbeidet utgjer i kroner og prosent.



Bruken av midlane som vert utbetalt som *tilskot til dekning av eingongskostnadane*, som fellesnemnda skal disponere, blir ført på den kommunen som er rekneskapskommune for samanslåinga.

Når ikkje anna er bestemt, så skal ein følgje KOSTRA-retteleiaren.

- Fellesnemnda er politisk valt frå medlemmer i kommunestyret. Møtegodtgjersle, reiseutgifter, servering osv. knytt til fellesnemnda sin eigen aktivitet skal etter vår vurdering på funksjon 100.
- Revisjon knytt til fellesnemnda skal på funksjon 110.
- Prosjektleiing for kommunesamanslåinga, samansett av tilsette i kommunane, skal på funksjon 120.
- Ombygging av rådhus skal på funksjon 130. Dette gjeld lokalar brukt innanfor funksjon 100,110,120 og 121. Andre lokalar skal på aktuell tenestefunksjon
- Breiband til innbyggjarane skal på funksjon 285
- Breiband til kommunale bygg (fellesframføring) skal på funksjon 180, jf. kulepunkt nr 6 under funksjon 285
- Breiband til det enkelte bygg (stikkleidning) skal på aktuell tenestefunksjon, jf. kulepunkt nr 6 under funksjon 285.
- Tilskot til eventuell samanslåing av Fellesråd skal på funksjon 390
- Fellesnemnda skal bidra til ein ansvarleg økonomisk inngang til den nye kommunen.
- Osv.

Dersom ein fører all bruk av *tilskot til eingongskostnader* på eit ansvar (fellesnemnd), så har ein kontroll med utgiftene, fordelt på rett funksjon.

3. Prosjektorganisering og kommunelovas sakshandsamingsreglar

Fellesnemnda kan med heimel i inndelingslova § 26 opprette arbeidsutval. Det vil ofte vere naudsynt å opprette fleire arbeidsutval, underutval, delprosjekt osv. Utvala kan vere reint administrative eller politiske eller ei blanding av begge deler. Kommunelova gir heimel for kommunane til å opprette ulike typar kollegiale organ.

Det som er avgjerande for om sakshandsamingsreglane i kommunelovas kapittel 6 gjeld eller ikkje, er om dei arbeidsutval, underutval, delprosjekt osv. som vert oppretta, er å sjå som folkevalde organ. Det er ikkje gitt nokon definisjon av folkevalde organ i kommunelova. Det er likevel lagt til grunn at alle kollegiale organ som vert oppretta i medhald av kommunelova vil vere å sjå som eit folkevalt organ.

Slike arbeidsutval, underutval, delprosjekt vil truleg bli vurdert som ein komité jf. koml. § 10 nr. 5. Der eit organ er oppretta for å førebu eit sakskompleks, eller for å utføre særskilde tidsavgrensa verv, vil det i rettsleg samanheng bli betrakta som ein komité. Eit slikt organ vil ikkje tape sin status som folkevalt organ sjølv om det berre er tildelt saksførebuande oppgåver.

Det følgjer av koml. § 29 nr. 1 at sakshandsamingsreglane gjeld for «kommunestyre, fylkesting, formannskap, fylkesutvalg, faste utvalg, kommunestyrekomiteer,



fylkestingskomiteer, kommunedelsutvalg, kommuneråd og fylkesråd samt kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lover.». Komitear er ikkje nemnt i oppramsinga. Komitear vert likevel fanga opp av kommunelova § 29 nr. 3 som slår fast at reglane i kapittel 6 også gjeld for andre folkevalde organ så langt kommunestyret ikkje bestemmer noko anna. Det må då gis eigne sakshandsamingsreglar. Det kan likevel ikkje gjerast unntak frå §§ 36-38a (reglane om kjønnsmessig balanse).

Grunngjevinga for at kommunane kan bestemme at kommunelovas sakshandsamingsreglar ikkje skal gjelde, er at kommunane har stor friheit til å bestemme samansetting og oppgåver for slike organ. Mange slike organ (eks. komitear) kan ha ein utprega administrativ samansetting og funksjon fordi det har karakter av å vere eit utgreiings-, samarbeids- eller forhandlingsorgan. Friheita til å fråvike kommunelovas sakshandsamingsreglar vil likevel være avgrensa, det kan ikkje gis særreglar som strir mot grunnleggande prinsipp for kva som er forsvarleg saksbehandling.

Når det gjeld kravet til kjønnsmessig balanse følgjer reglane av kommunelova. §§ 36-38a. Dersom val til arbeidsutval, underutval, delprosjekt skal skje som avtaleval er det kommunelova § 38a som gjeld. Det er i kommunelova § 38a vist til kommunelova § 36 nr. 2. Det vil seie;

- Val av 2 eller 3 medlemmer: kvart kjønn skal være representert.
- Val av 4 eller 5 medlemmer: kvart kjønn skal være representert med to.
- Val av 6-8 medlemmer: kvart kjønn skal være representert med tre.
- Val av 9 medlemmer: kvart kjønn skal være representert med fire.
- Fleire enn 9 medlemmer: kvart kjønn skal være representert med minst 40 %.

Viser det seg at eit kjønn vil få færre representantar enn det som følger av kommunelova § 36 nr. 2 skal det underrepresenterte kjønn settast inn i det omfang som er nødvendig for å oppnå slik balanse.

4. Kommunesamanslåing og eigedomsskatt

Kommunar som skal slå seg saman og som har ulike ordningar for eigedomsskatt må foreta ei harmonisering slik at skattesatsar, skatteobjekt og kva områder som skal være omfatta av eigedomsskatt følger reglane i eigedomsskattelova. Det er eigedomsskattelova som regulerer kva differensieringar (skattesatsar, skatteobjekt, skatteområder) det er mogleg å gjere ved utskriving av skatt. Det følger av eigedomsskattelova § 3 kva kriterium kommunen kan legge til grunn for differensieringa. I eigedomsskattelova § 13 går det fram kva satsar som kan skrivast ut.

Inndelingslova § 17 opnar for at det kan gis unntak frå eigedomsskattelovas reglar i ein overgangsperiode. Det kan til dømes vere aktuelt med ei overgangsordning med ulik skattesats eller skattefritak for delar av den nye kommunen.



Då Mosvik/Inderøy slo seg saman vart det gitt unntak frå eigedomsskattelova § 13 slik at det kunne vedtakast ulik skattesats i ein overgangsperiode på 2 år.

<https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2010-11-05-1409?q=mosvik>

Då Harstad/Bjarkøy slo seg saman vart det gitt unntak frå eigedomsskattelova § 3 slik at det i ein overgangsperiode på 2 år, berre vart skrevet ut skatt for delar av den nye kommunen (tidlegare Harstad).

<https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2011-06-24-629?q=harstad>

Som vist i eksempla ovanfor har det i tidlegare samanslåingar vore gitt unntak frå eigedomsskattelova for ein periode på 2 år. Dersom kommunane ønskjer ein lengre unntaksperiode må kommunane argumentere for dette i søknaden og vise at det er både nødvendig og rimeleg.

Kommunane må søke om unntak etter inndelingslova § 17 før 1. november i år. Søknad om unntak skal sendast til Fylkesmannen. Vi sender søknaden over til departementet. Eit eventuelt unntak gis i samband med forskrift for dei enkelte samanslåingane (kongeleg resolusjon).

5. Organisasjonsnummer for ny kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg seg ikkje opp i val av organisasjonsnummer, så der står kommunane fritt til å velje. Kommunane må ta kontakt med SSB for registrering, e– post: VoF@ssb.no

Vi er kjent med at kommunane på Fosen har fått aksept frå SSB til å vidareføre organisasjonsnummeret til den eine kommunen.

Meir informasjon om tildeling av organisasjonsnummer for ny kommune finn du på Kartverket si sjekklister for kommunesamanslåing: <https://www.kartverket.no/kommunereform/sjekklister/>